

## Norsk Roseforening avdeling Møre og Romsdal vart stifta i Molde i juni 2023.

Fram til fyrste årsmøtet har laget eit interimsstyre leia av Nina Elisabeth Bøe. Aud Teilgård er kasserar og Liv Sæther Myskja er sekretær. I tillegg sit Eva Henriette Bøklepp som styremedlem.

Vi gler oss no til å konsolidere aktiviteten vår framover, og på vår foreløpige plan for 2024 står deltaking på to arrangement i Molde til sommaren. Så kjem meir til etterkvart. Vi er opptekne av god geografisk representasjon i styret, og vil jobbe målbevisst med dette for å få til arrangement som dekker heile fylket. Styret no består av medlemmar frå Sande kommune i sør, til Surnadal i nord, så vi er godt nøgde med det, og håpar vi etterkvart vil nå ut med roseglede og aktivitetar i heile nedslagsfeltet.

*Vedlagte bilete er frå oppstartsmøtet i Molde, her er vi på besøk hos Haukebø gartneri. Med på biletet er også Guri Dragseth Brekke som var ein del av oppstartsgjengen*

